



# gene på Avaldsnes

## Eigenærklering vedr. universell utforming

Vi viser til søknad sendt til Karmøy kommune om festivalstøtte til Olavsdagene på Avaldsnes.

Festivalen har sin base i Olavskyrkja på Avaldsnes, eit bygg som er datert til ca 1250. Bygget er verna, og er underlagt strenge restriksjonar når det gjeld endringar i utforming.

Utanfor kyrkja har me to parkeringsplassar reservert for personar med funksjonshemminger. Det er trinnlaus adkomst frå parkeringsplass og inn til sideinngangen, der det er ein dørstokk som for enkelte rullestolar kan vere ei hindring. Publikumsvertane er kjend med dette, og er klare til å assistere rullestolar for å kome over dette hinderet. Det er nok breidde i dobbeltdøra til å ta inn rullestolar.

Inne i kyrkja er det ei reservert rad heilt framst for rullestolbrukarar og barnevogner, samt ei like ved sideinngangen. Desse radene har plass til – avhengig av storleiken på rullestolane – 3-7 rullestolar. Barnevogner kan også trillast og setjast bak i tårfoten dersom heile raden er i bruk av rullestolbrukarar. Denne raden er ved rad 18 (av 23), men har likevel god sikt til det som skjer framme i kyrkja. Ved mange av konsertane våre er lydkjelda hovudorgelet bak i kyrkja, og ein sit dermed på det som tilsvarer rad 6.

Toaletta er i eige hus på kyrkjegarden, om lag 30 meter unna kyrkja. Her er det trinnlaus adkomst.

Festivalen aksepterer ledsagerbevis, og har skilt tydeleg framme ved billetterte arrangement.

For Olavsdagene på Avaldsnes,

Arnfinn Tobiassen  
Leiar

AVALDSNES SOKN  
POSTBOKS 29  
4299 AVALDSNES  
[ARNFINN.TOBIASSEN@KARMOYKIRKEN.NO](mailto:ARNFINN.TOBIASSEN@KARMOYKIRKEN.NO)  
KONTONUMMER: 3361.19.09905